

G16-laget til kvartfinale.

02.08.2017



Jenter 15 på trening på Heio før avreise til Norway Cup.

Onsdagen vart forsvinn-dagen for dei fleste laga med Uskedalsinnslag i Norway Cup. Unntaket var G16-laget som er klar for kvartfinale kl.10 torsdag. Vi har tidlegare i dag skrive at G13-laget til UIL kjempa godt, men rauk ut i ekstraomgangar etter golden goal, og at G14-laget til Rosendal/Uskedal møtte altfor sterk motstand i TV-kampen.

Seinare tapte J15/16 laget 2-3 for Snøgg i ein kamp der dei verken hadde hellet eller dommaren med seg. I følgje rapportane hadde dei fortennt betre. I G15/16 tapte Rosendal/Uskedal 3-0 for Klemmentsrud. Begge desse laga består av 15-åringar og yngre så dermed kan dei stilla i same klasse også til neste år. Det vert spennande.

G15/16(7`ar) vann først 2-1 over Nordstrand før dei fulgte opp med nok ein kjempekamp mot Odda. Der vann dei 3-0, og ein av målscorarane var uskedelingen Sander S. Myklebust. I morgon vert det eit nytt spennande 'lokaloppgjør'. Då møter dei Øystese i kvartfinalen.

Det vert spennande å følgja laget i morgon, vi seier tvi tvi! Også laga som gjekk ut i dag, har hatt ei flott turnering med både sportsleg og sosial gevinst.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.